



**STRATEGI FOR BRUK AV SMIL-MIDLANE;  
Spesielle miljøtiltak i jordbrukskulturlandskap  
I BJERKREIM KOMMUNE**  
**2016 - 2020**



Vikeså sett frå Stongje  
Eitt av dei mange utsiktspunkta på  
dei merka turstiane i Bjerkreim



Kvern- og tørkhus på Vikeså Gard  
Fekk kommunen sin byggeskikkpris i 2011  
for restaureringa



Torvløe på Kløgetvedt  
før og etter



Vedteken av LMT-uvalet den 11.04.16



## Innhald

<b>1. Bakgrunn</b>	<b>s. 4</b>
<b>2. Tiltak som har fått SMIL-midlar i Bjerkreim i perioden 2004 – 2015</b>	<b>s. 4</b>
<b>3. Ny SMIL-strategi for åra 2016 – 2020</b>	<b>s. 6</b>
<b>4. Overordna føringar, regelverk og prosess</b>	<b>s. 6</b>
<b>5. Fakta om jordbruket, kulturlandskapet og vassførekomstar i kommunen</b>	<b>s. 7</b>
<b>6. Mål og tiltak for kulturlandskapet og vassførekomstar</b>	<b>s. 8</b>
<b>7. Søknad og saksbehandling</b>	<b>s. 11</b>
<b>8. Prioritering og tilskotssatsar</b>	<b>s. 12</b>
<b>9. VEDLEGG</b> Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket, fastsett 04.02.04. Sist endra den 17.02.15 Rundskriv 2015-17	<b>s. 13</b>

## 1. Bakgrunn

Sidan 2004 har kommunane hatt mynde til å forvalta statlege midlar som skal nyttast til å ta vare på natur- og kulturminneverdiar i jordbrukssetet sitt kulturlandskap, og redusera forureininga frå jordbrukssetet. Formålet med overføring av ansvaret frå fylkes- til kommunenivå var bl.a. å styrke det lokale sjølvstyre, og gje auka lokalt handlingsrom slik at tiltak kunne setjast inn der miljøeffekten var størst.

Kommunane har etter søknad fått tilført ein årleg pott frå Fylkesmannen, som dei skulle fordela lokalt. Midlane har vorte fordelt til kommunane på grunnlag av deira fleirårige strategiar, og aktivitetsnivået til ei kvar tid i den einskilde kommune. Kommunane sine prioriteringar måtte baserast på nasjonale og regionale strategiar og lokale utfordringar. Næringsorganisasjonane i kommunen skulle også involverast i dette arbeidet.

## 2. Tiltak som har fått SMIL-midlar i Bjerkreim for åra 2004 – 2015

I løpet av desse 12 åra har Bjerkreim kommune løyvd totalt 2.597.075 kr, fordelt på 97 saker. Ein har då trekt frå tilskot løyvd til saker der prosjekta ikkje vart realiserte, og tilskota dermed inndratt. Tilskota er delt inn i 3 ulike hovudtema der 64 % av løvingane har vorte tildelte tiltak innan kulturlandskap, 1 % til forureiningstilak og 35 % til planleggingstiltak. Tabellane nedafor viser fordeling av løvingane for dei ulike åra, og kva type tiltak dette omfattar for dei ulike hovudtema.

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Sum
Kulturlandskap	117 000	192 400	129 600	114 000	42 000	157 000	149 500	193 660	175 445	96 000	225 000	81 520	1 673 125
Ureining	0	0	14000	4250	0	0	0	0	0	0	0	0	18250
Planlegging	28500	60000	216000	0	184000	30000	40000	0	43200	8000	175000	121000	905 700
SUM SMIL	145 500	252 400	359 600	118 250	226 000	187 000	189 500	193 660	218 645	104 000	400 000	202 520	2 597 075

Kulturlandskap %	80	76	36	96	19	84	79	100	80	92	56	40	64
Ureining %	0	0	4	4	0	0	0	0	0	0	0	0	1
Planlegging %	20	24	60	0	81	16	21	0	20	8	44	60	35

	Gj snitt	Tilskudd	Saker
Biologisk mangfold	10 000	10 000	1
Gamal kulturmark	10 500	84 000	8
Oppleving /ferdsel	11 293	327 505	29
Høyløe, kvernhus, fjøs	35 310	1 094 600	31
Anna, organisert beitebruk	29 500	88 500	3
Anna kultur	34 260	68 520	2
Forureining	6 083	18 250	3
Tursti/parkering	44 417	266 500	6
Skjøtselplan	29 367	176 200	6
Informasjon	115 500	231 000	2
Skilt og merkepålar	50 000	50 000	1
Kart	50 000	100 000	2
Anna Planlegging	27 333	82 000	3

**Her er nokre eksempel på saker som har fått tilskot:**

Kvernhus Sagland, våningshus Steinsland, høyløe Vikesdal og vedskjul Vikeså



2 bygg i  
Sefrak-  
registeret,  
klasse A

Veldig viktig å  
ta vare på desse



Skjøtselplan i Dyrskog og på Skjævelandsfjellet og slått av gammal kulturmark ved Niben



*Foto: Keth Odland*



*P-plass Apeland  
før og etter  
opparbeidning  
etter Vegvesenet  
sine krav*



### **3. Ny SMIL-strategi for åra 2016 - 2020**

Stortinget vedtok i 2014 nye føringar for bruk av SMIL-midlane, og som følge av dette fastsette LMD endringar i forskrifta i februar 2015. Fylkesmannen har sett som vilkår for kommunal tildeling av SMIL-midlar for 2016, at kommunane har ein oppdatert politisk vedteken SMIL-strategi av inntil 4 års varighet. Dette er etter forskrifta naudsynt for å kunna fatte gyldige kommunale SMIL-vedtak.

Formålet med SMIL-midlane og denne strategien er å stimulere aktive landbruksføretak som søker om produksjonstilskot, til ein ekstra innsats ut over den dagelege drifta på tiltak innan kulturlandskap og ureining. Gjennom denne SMIL-strategien vil kommunen i samarbeid med faglaga våre, vera med på å ta vare på landbruket sitt kulturlandskap i tråd med nasjonale og regionale føringar for landbrukspolitikken. Strategien skal visa kommunen si prioritering av midlar til ulike formål innafor forskrifta. Desse kommunale tiltaksstrategiane er grunnlaget når Fylkesmannen skal fordela midlane mellom dei ulike kommunane.

### **4. Overordna føringar, regelverk og prosess**

#### **Overordna dokument**

Følgjande dokument med overordna føringar ligg til grunn for strategien og prioriteringane:

- Landbruksplan for Bjerkreim kommune for 2014 - 2026
- Kommunedelplan for kulturminne for Bjerkreim
- Regionalplan for landbruket i Rogaland
- Regional plan og regionalt tiltaksprogram for vannforvaltning i Vannregion Rogaland
- Meld. St. 9 Landbruks- og matpolitikken
- Nasjonalt miljøprogram 2012

Ivaretaking av kulturlandskapet ut over normal landbruksproduksjon etter naturmangfaldlova, og å redusere ureining etter vassforskrifta, er framheva som sentrale satsingsområde.

Fylkesmannen kan også ved tildeling av dei årlege midlane gi føringar for kva som bør prioriterast i tildelingsåret.

I 2005 vart det innført Regionalt Miljøprogram i Rogaland, (RMP). Det er viktig å sjå samanhengen mellom desse tilskotsordningane. RMP er eit årleg tilskot som vert gitt til dei som er berettiga dette etter gjeldande forskrift. SMIL-midlar vert tildelt etter særskilt søknad, og er gjenstand for prioriteringar. T.d. vart det gitt SMIL-tilskot til utarbeiding av eit kart over alle dei merka turstiane i Bjerkreim. Grunneigarane får no årlege RMP-tilskot til vedlikehald av desse turstiane som ligg langs med/på jordbruksareal på deira eigedom.

#### **Regelverk**

Utarbeidning av tiltaksstrategien og bruken av SMIL-midlane er heimla i §§ 1 og 8 i «*Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket*», fastsett av Landbruksdepartementet den 04.02.04, og rundskriv 2015-17: Kommentarer til forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket I tillegg kjem andre aktuelle lover som kulturminnelova, forureiningslova, lov om naturmangfald, med fleire. SMIL-forskrifta vart sist endra 17.02.15, og frå då av er det kun føretak som oppfyller vilkåra i forskrifta om produksjons- og avløysartilskot, som kan søkja om tilskot gjennom SMIL-ordninga. Det kan ikkje innvilgast tilskot til prosjekt eller tiltak på landbrukseigedomar som kommune, fylke eller stat eig og driv, med mindre det er eit felles-tiltak der ein eller fleire tilskotsberettiga landbrukseigedomar er med.

Kommunen har rettleiings- og tilretteleggingsansvar og fattar vedtak i alle søknadene om SMIL-tilskot. Fylkesmannen har ansvar for å leggja til rette for at kommunane har gode rutinar i si saksbehandling, behandla søknader om dispensasjon, utføra kontrollar og dei er klageinstans på kommunale vedtak.

SMIL-tilskot kan gjevast til tiltak innan desse 3 hovudtema:

- a) **Kulturlandskap**
- b) **Forureining**
- c) **Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt**

I kapittel 6 vert det konkretisert kva tiltak som høyrer til under dei ulike hovudtema.

## Prosess

Tilsette på Landbrukskontoret har utarbeidd SMIL-strategien i samsvar med overordna føringar, regelverk og lokale prioriteringar. Den 01.03.16 var Bjerkreim sine faglag med Bondelaget, Småbrukarlaget, Skogeigarlaget og Sau og Geit inviterte for å koma med sine innspel til strategien. Fylkesmannen har vore involvert og kome med innspel undervegs i prosessen, og vi har nytta deira forslag til strategi-mal. Tiltaksstrategien gjeld for perioden 2016 – 2020, og vart politisk behandla i LMT-utvalet den 11.04.16.

## 5. Fakta om jordbruket, kulturlandskapet og vassførekomstar i kommunen

### Jordbruket og kulturlandskapet

Det har vore drive landbruk i Bjerkreim i fleire tusen år, og det er dette menneskepåverka landskapet vi kallar kulturlandskap. Etter kvart har også skogbruk og framvekst av tettstader i aukande grad påverka landskapet. Kulturlandskapet er ein viktig del av vår kulturarv og representerer store kulturverdiar. Kulturlandskapet er og viktig i høve til det biologiske mangfaldet, reiselivet, og ikkje minst som ein trivselsfaktor for allmenta. Kulturlandskapet bidreg derfor til levande bygder.

Skjøtsel av det rike kulturlandskapet skal bidra til å ta vare på gammal kulturmark og biologisk mangfald, kulturminne/miljø, verneverdig bygningsmasse, legge kulturlandskapet/utmark til rette for allmenta, hindre gjenngroing og forureining.

Bjerkreim er med sine 650 km<sup>2</sup> ein stor kommune i utstrekning, og jordbruksarealet utgjer berre 10 % av landarealet, med:

Dyrka jord	24 000 da
Innmarksbeite	35 000 da

Jordbruket i kommunen er tradisjonelt der produksjon av grovfôr, mjølk, storfe- og saukjøt er berebjelken. Det er ca. 200 bønder som søker om produksjonstilskot, der 80 % har sau, 50 % produserer kumjølk (67 % for 10 år sidan), 15 % svinekjøt, 6 % egg og kyllingkjøt, 2 % pelsdyrkinn og 1,5 % geitemjølk.



Takka vera alle beitedyra som skjøttar kultur- og naturlandskapet i inn- og utmarka, har vi mykje ope, flott landskap i kommunen.

5 300 kyr og storfe  
47 000 sau, lam og geit



Foto: Inger Helland

Det bur om lag 2 850 personar spreidd over heile kommunen, men mest i sentrum av Vikeså og Bjerkreim. Det er fast busetjing på 99 % av dei aktive brukene, noko vi framleis ynskjer, og politikarane har ført ei streng praktisering av reglane om búplikt for dei som overtek gardsbruk.

Jordbruksarealet vert i hovudsak halden i god hevd. Antal søknader om produksjonstilskot er redusert med ca. 7 % på 15 år (215 søkjavar i 2000). Dette har ført til meir jordleige, men innmarka vert ikkje liggjande brakk. Politikarane har også vedteke at vi skal ha ei streng praktisering av kravet om 10 års leigeavtalar, for at jorda skal verta skjøtta på ein god måte.

Ufordinigar: Som i Rogaland og elles i landet er det ein svært stor reduksjon i antal mjølkebruk i kommunen; sjølve bærebjelken i næringa i Bjerkreim. Pr. 01.01.16 vart det henta mjølk på 90 gardsbruk, medan talet i 2011 var på 108 bruk og i 2006 på 139, som tilsvarer ein reduksjon på 35 % på 10 år. Men antal mjøkelitrar som totalt vert produsert her har ikkje vorte redusert; med andre ord – bruka vert større og større. Kva resultat vil dette ha for bl.a. sysselsetjinga i næringa, familjøet og skjøtsel av kulturlandskapet???

Konklusjon:

**Eit aktivt jordbruk er det aller viktigaste reiskapet i ein kommune for å oppfylla måla i SMIL-strategien.**

### Vassførekommstar

Sidan 1998 har det vore eit krav av om at alle gardsbruk måtte ha ein gjødselplan. Dette har resultert i at bøndene dei siste 15 åra har gjødsla mykje meir etter jorda og plantene sin trond for næringsstoff gjennom vekstsesongen. Forbodet mot spreiling av husdyrgjødsel mellom 1. september og våronnstart, og kravet om spreatingsareal til all husdyrgjødsla frå buskapen, har også hatt ein positiv effekt på forureiningssituasjonen.

Tilsette på Landbrukskontoret har dei siste 3 – 4 åra vore ein av kommunen sine aktive representantar i arbeidet med handlingsplanen og tiltaksprogrammet for vassregionen Rogaland. Dei aller fleste av vassførekommstane i Bjerkreim er no plassert i miljøklasse god eller svært god – altså av tilfredsstillande kvalitet. Dette er også grunnen til at vi ikkje har prioritert SMIL-midlar til forureiningstiltak. Det er berre løyvt tilskot til mindre tekniske miljøtiltak hjå 3 unge bønder i samband med generasjonsskifte (dei første åra då dette var mogeleg). Ingen av våre vassdrag er heller prioritert for RMP-midlar for å redusera avrenning til vassdrag.

## 6. Mål og tiltak for kulturlandskapet og vassførekommstar

SMIL- midlane skal fremja miljøverdiane og redusera forureininga i landbruket sitt kulturlandskap **utover det som kan forventast gjennom vanleg landbruksdrift**. Det kan verta gitt støtte til:

### a) Kulturlandskapstiltak

- Ta vare på og leggja til rette for biologisk mangfald og gamal kulturmark knytt til artar som har ekstra fokus (kystlynghei, myrar, slåtteteigar, styvingstre)
- Fremma tilgjenge og opplevelseskvalitet (turstiar, parkering, informasjon)
- Ta vare på kulturminne og kulturmiljø ved skjøtsel og landskapspleie (kvernhus, høyløe, steingardar...)
- Ta vare på freda- og verneverdighe bygningar som brukast i landbruksdrifta eller anna næring på landbrukseigedommen

### b) Forureiningstiltak – tiltak som reduserer risikoen for erosjon på jordbruksareal og i vassløp, reduserer avrenning av næringsstoff frå jordbruksareal eller som reduserer forureinande utslepp frå jordbruket til jord, luft og vatn.

- Reinseparkar, fangdammar, hydrotekniske anlegg, leplaning, jordvollar....

### c) Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt

- Tiltak på tvers av grunneigedomar som t.d. overordna skjøtselsplanar, kart over turstiar, ferdsels- og informasjonstiltak og planlegging av reinseparkar

## **Tilskotsprosent**

Til alle tiltak under a) og b) kan det etter regelverket gjevast eit eingongstilskot på inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag. For særskilte tiltak for å ivareta biologisk mangfald, kan det gjevast tilskot med inntil 100 %. Kommunen kan setja lågare tilskotsprosent for dei ulike tiltaka.

Grunnlaget for tilskot er kostnadsoverslaget for det planlagte tiltaket. Alle kostnader med gjennomføring av tiltaket (materialer, arbeid inkl. utarbeiding av naudsynte planar) kan inngå i tilskotsgrunnlaget.

Til tiltak under c) kan det gjevast eit eingongstilskot på inntil 100 % av godkjent kostnadsoverslag. Det er likevel ynskjeleg at det også for slike prosjekt er finansiering fra andre samarbeidspartner, eigeninnsats og liknande. Kostnader med planlegging, organisering og prosjektgjennomføring kan inngå i tilskotsgrunnlaget.

**Prioritering mellom dei ulike tiltaka, og høgaste tilskotssats som vi vil løyva, kjem fram i tabellen under kapitel 8.**

### **6.1 Tiltak innan biologisk mangfald og gamal kulturmark**

Bjerkreim har eit rimeleg rikt biologisk mangfald. Kystlynghei vart i februar 2015 fastsett som utvalgt naturtype. Her i kommunen er det registrert ca. 56 000 da kystlynghei som utgjer ca. 10 % av landarealet, som fordeler seg med ca. 45.000 da klassifisert som svært viktige; A-område, og ca. 11 000 da klassifisert som viktige; B-område.

Det er løyvd tilskot til utarbeiding av skjøteselsplanar for område med kystlynghei på Ivesdal/Asheim, Holmafjellet, Vardafjellet/Skjæveland og Vikesdal/Øygard. Lyngeheier har vorte fornya ved brenning, og bønder prøver å tilpassa beitetrykket med sau/storfe i forhold til den forynga tilveksten.

Ein ynskjer også framover å prioritera tilskot til dei bøndene som har interesse for og ynskje om å ta vare på denne naturtypen.

Elles har vi påpeikt i fleire ulike samanhengar, at mykje av arealet som er registrert som kystlynghei, er i dag skog, innmarksbeite eller gras/fukthei. Bjerkreim er frå 2016 utpeika som ein av dei 2 pilotkommunane i Rogaland for tilplanting av klimaskog. «Feilregistrering» av kystlynghei har allereie skapt vanskar ved utplukking av aktuelt planteareal. Fylkesmannen si miljøvernavdelinga vert derfor sterkt oppfordra til å prioritera oppdatera arealinformasjonen.

Det er vanskeleg å motivera bønder til skjøtsel av gamal kulturmark då det er arbeidskrevjande i ein elles hektisk kvardag. Vi vil derfor prioritera å framleis gje tilskot til årleg slått av slikt areal på Solberg, der graset vert tørka og lagt i den gjenreiste høyloa som folk kan besøkja når dei er på tur til Niben.

### **6.2 Tiltak som legg til rette for større tilgjenge og opplevelingar i kulturlandskapet**

Landbruket produserer mat, men er også "produsent" av kulturlandskap som allmenta ser større verdi av etter som stadig fleire bur i sentra. For å oppretthalde ein "goodwill" til landbruket er det viktig å halda eit vakkert kulturlandskap, og gjera det tilgjengeleg for turgåarar m.v. Ved å leggja til rette for ferdsel, får allmenta tilgang til desse vakre områda med kulturminne, gamle ferdelsårer, gamal kulturmark og verdifulle naturtypar. Samtidig får ein styrt ferdelsen til eigna område som ikkje kjem i konflikt med landbruket. Ferdselstiltak har derfor vorte svært høgt prioritert i Bjerkreim, noko vi også ynskjer dei neste åra. Det er også viktig i eit folkehelse- perspektiv.

I 2011 prioriterte Landbrukskontoret å bruka veldig mykje tid på eit Turkart-prosjekt som resulterte i 420 km med merka turstiar i heile Bjerkreim. Dette vart trykt i 2 000 eksemplar, der halvparten vart gitt i julegåve til alle husstandane i kommunen, og resten har vorte seld (+ litt gaver). Nytt oppslag måtte bestillast i 2014/15.



Bøndene rydda stiar for kratt, merka med raudmaling på steiner og tre, sette opp gjerdeklyvarar, opparbeidde parkeringsplassar; tiltak som det vart løyvd SMIL-midlar til. Gamle driftavegar for sauene som skulle til heis, steinlagte vegar for ferdsel med hest, postveg, prestevegen og turvegar til nedlagde og veglause fjellgardar, er ein del av dette stinettet på 420 km i Bjerkreim pluss 100 km i tilgrensande kommunar. Det vart også merka opp til 36 toppar, og mange av dei med ein fantastisk utsikt.

Det er gjort ein formidabel innsats av mange gjennom veldig godt samarbeid, og det er viktig framover å prioritera arbeidet med å halda dette vedlike.

Gjerdeklyvarar har vore eit formålstenleg og populært tiltak i Rogaland i 25 år. I Bjerkreim har vi berre i løpet av dei 5 siste åra fordelt 117 gjerdeklyvarar gratis, etter tildeling frå Fylkesmannen. Dette arbeidet vil vi også prioritera framover.



### **6.3 Ta vare på kulturminne og kulturmiljø, samt freda og verneverdige bygningar gjennom skjøtsel, vedlikehald og istandsetjing**

I Bjerkreim har det tidlegare vore relativt liten interesse for å ta vare på eldre bustadhus og driftsbygningar med arkitektur som var og er særmerkt for regionen, t.d. midtgangshus, høylør, kvernhus m.m. Ein har derfor prioritert å løyva tilskot til dei bøndene som har interesse for dette arbeidet, og som har søkt om tilskot, som fleire av bileta i denne planen viser. Vi ynskjer å halda fram med dette.

Istandsetting kan støttast med inntil 35 %. For bygningar gjeld ordninga berre for utvendige tiltak. Bygningar må ha ein verdi som eit element i kulturlandskapet, og ha ei kulturhistorisk interesse. Vanleg vedlikehald av bygningar som er i bruk, vert normalt ikkje støtta. Ved vedlikehald kan meirkostnader med å tilbakeføra bygningen til opphavleg utsjånad, støttast.

**Steingjerde:** Det kan gjevast støtte med inntil 35 % til å restaurera gamle steingjerde. Steingjerde som er visuelt viktige element i landskapet har prioritet. Nye gjerde vert som hovudregel ikkje støtta.

### **6.4 Forureiningstiltak**

Ein er oppteken av at vassførekommstane i Bjerkreim ikkje skal verta forringa, men framleis vera i miljøklasse god eller svært god. Vi har derfor nøye vurdert korleis landbruket med SMIL-midlar, kan gjera ein ekstra ikkje lovpålagt innsats, for å ta vår del av ansvaret for å nå mål om reinare vatn. Her i Bjerkreim vurderer vi store punktutslepp frå gardsbruk som den klart største risikoen for å forringa miljøtilstanden i vassførekommstane våre framover. Med store punktutslepp tenker vi først og framst at gjødselportar av prefabrikerte plater kan sprekka og føra mykje gjødsel i vassdrag. Det har vore fleire år sidan dette har skjedd, men i løpet av det siste halvåret har det vore 3 slike uhell. Hjå ein av dei var platene skifta for berre 7 år sidan. Vi ynskjer derfor i strategiperioden å setja ekstra fokus på å stimulera til å støypa igjen gjødselportar, for å fjerne denne risikoen. Vi ynskjer å gje eit tilskot på inntil 50 % ved gjenstøyping; ikkje til skifte av prefabrikerte plater. Kostnadene med å støypa igjen portar vil vanlegvis liggja mellom 10 – 20 000 kr.

Dette tiltaket vart drøfta på møtet med faglaga, og dei syntes det ville vera veldig positivt viss dette let seg gjera. Problemet er at etter dagens tolkning av regelverket, vert tiltaket vurdert som ordinært vedlikehaldsarbeid, som ikkje kan støttast med SMIL-midlar. Mange kommunar i Rogaland ynskjer å prioritera dette tiltaket, og Fylkesmannen har lova å ta dette opp med Landbruksdirektoratet.

## 6.5 Planleggings- og tilretteleggingstiltak

For å leggja tilhøva til rette for planlegging av større heilskaplege prosjekt kan det verta gitt tilskot til planlegging der fleire aktørar går inn i eit samarbeid. Dette kan vera prosjekt knytt til skjøtselstiltak for t.d. kystlynghei, eit vassdrag, ei grens eller andre klart definerte fellesprosjekt som kan knytast til kulturlandskap og eller forureining. Dette skal resultera i at aktive bønder i etterkant sökjer om SMIL-midlar til gjennomføring av tiltak etter planen som er utarbeidd.

Utarbeiding av turkartet for Bjerkreim med alle dei merka turstiane i kommunen innteikna (520 km), og med 67 parkeringsplassar, var eit veldig stort fellestiltak som berørte 140 – 150 grunneigarar. Det vart løyvd SMIL-midlar til bl.a. utarbeiding av turkartet, merkeutstyr, stikryss og informasjonsmateriell. Vi har også fått løyvdt spelemidlar til dette tiltaket.

Slike fellestiltak for å auka allmenta sin tilgang til det flotte kulturlandskapet vårt, vil også verta høgt prioritert framover. Det er planlagt å utarbeida fleire turomtalar som skal leggjast ut på nettsida vår og til Dalane Friluftsråd som vi samarbeider godt med om dette. Her vil ein få informasjon om sjølve turstien, kulturminne og kvalitetar ved kulturlandskapet i området. Til no har vi laga slik turfoldar for turstiane til Stavanger Turistforening si nye hytte i Kvitlen, og til Tordlarinda, flott tursti ved hyttefelta på Tjørn. Målet er minst 10 slike turfoldarar.



Vi har også løyvd tilskot til utargbeiding av nokre skjøtselsplanar for kystlynghei der det er eit samarbeid mellom fleire grunneigarar.

## 7. Søknad og saksbehandling

- Saksbehandlinga skal vera i samsvar med forskrift og rundskriv
- Det skal nyttast standard søknadsskjema frå LDIR, og søknaden må innehalda kostnadsoverslag
- Søknadene vert vanlegvis behandla fortløpende, og dato for siste søkandsfrist er 01.10. Kommunen må ha fatta vedtak innan 01.11, dersom ikkje FMLA har løyvd ekstra midlar etter førebels rapport; då er fristen 01.12.
- Gjennomføringsfrist for alle prosjekt er som hovudregel 3 år. Etter søknad kan denne forlengast med inntil 2 år.
- LMT-utvalet vedtek strategien. Administrasjonen gjer enkeltvedtak etter søknad. Slikt vedtak kan påklagast til Fylkesmannen etter reglane i forvaltningslova.

## 8. Prioritering og tilskotssats

**Prioritet:** Skala frå 0 til 10

**Tilskotssats:** Høgaste tilskotssats som kommunen kan løyva, og må stå i forhold til prioritet.

- Støttenivået er rettleiande. Til svært gode prosjekt kan det ytast ein høgare tilskotsprosent. Prosjekt som er mindre viktige, eller som også får midlar gjennom andre kanalar, kan verta avslått, eller få eit lågare tilskot.
- Det er berre i heilt spesielle tilfelle at vi løyver tilskot med 100 %, då vi meiner det er viktig at søker bidreg med noko eigeninnsats/får andre samarbeidspartnar.
- Tilskot vert løyvd etter kalkyle, og vert utbetalt etter dokumenterte kostnader. For eigeninnsats må det først detaljert timeliste.

Dette skal liggja til grunn for utmåling av tilskot og ved evnt. klage på tilskotssats, må Fylkesmannen retta seg etter dei kommunale tilskotssatsane.

Forskriftstype		Prioritet	Tilskotssats inntil...
Kulturlandskap	Biologisk mangfold	4	50
	Naturbeitemark	4	50
	Kystlynghei	2	70
	Gamal kulturmark	4	70
	Opplevingar/ferdsel	1	70
	Freda/verneverdige bygg	5	35
	Andre kulturminne/miljø	6	35
Ureiningstiltak	Reinsepark, fangdam mv...	0	0
	Hydrotekniske anlegg	0	0
	Leplanting	0	0
	Oppsamling frå veksthus	0	0
	Jordvoller	0	0
	Anna – punktutslepp	3	50
Planlegging	Turstiar/parkering	1	90
	Skjøtselsplan	2	80
	Informasjon	1	90
	Kart	0	0

**TURKART-PROSJEKTET**

*Merking av turstiar, oppsett av stikryss og informasjonstavler*



*Tilsette hjå Uninor gjorde ein kjempefrott innsats i prosjektet*



*Åsen etter restaurering av våningshus og fjøs. Stiftinga fekk kommunen sin byggeskikkpris i 2014 for fjøset*



*Tursti med parkering i Åsen, varmestove i fjøset, vidare fortset stien gjennom geilen og vidare opp til Rabnafjellet*

